

Dei gamle morelltrea på Rød.

15.05.2018



Dei gamle morelltrea på Rød.

**Eit sikkert våreteikn er det når morelltrea på Rød blømer. Olaf Agnar Gausvik skreiv ein gong eit dikt om dei gamle morelltrea som står i vegkanten. I dag susar bilane forbi i høg fart. Gausvik skriv i føreordet til diktsamlinga Det droplar og dryp at nokre gonger i livet må vi bremsa ned for å gjera oss kjende med stader, menneske, hendingar, tankar, kjensler og stemningar.**

#### DEI GAMLE MORELLTREA PÅ RØD

Hugsar du morelltrea på Rød  
der vi stal søte og saftfulle bær  
i ljose sommarnetter ?

Hugsar du Helge-Nils'n  
som med sterke og hage hender  
hama og hegna om dei  
då dei stod der fint fjelga  
som ein triveleg syskenflokk ?

Hugsar du angen  
og humlene som surra  
i dette paradiset av tusem blomar ?

No skrantar dei  
som andre gamle  
og mosen gror på knudrete greiner.  
Men i mai set dei enno blom som lyser  
mot dei snøkvite toppane i Melderskin

og får meg til å stansa, trollbunden,  
tenkja attende og minnast.

Eg vert meir og meir glad i  
dei gamle morelltrea på Rød.

Tekst: Olaf Agnar Gausvik - frå diktsamlinga Det droplar og dryp ( 2007 )  
Foto/nett: Kristian Bringedal